



Saksframlegg

Bilreglement Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		18.09.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Bilreglement Fyresdal kommune
- 2 Samtykkjeskema bruk av kommunal bil
- 3 Køyrebok – Retningslinjer og mal

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har behov for å etablere eit samla reglement for bruk, eigarskap og drift av kommunale køyretøy. Føremålet med reglementet er å sikre ei trygg, effektiv og miljøvenleg handtering av bilparken, og å leggje til rette for framtidsretta løysingar i tråd med nasjonale føringar og kommunale mål om berekraft og kostnadseffektiv drift.

Bilreglementet skal vere eit styringsverktøy for kommunen, og skal bidra til at alle tenesteeiningar og tilsette har ei felles forståing for kva som gjeld ved bruk av kommunale bilar og privatbil i teneste.

Reglementet inneheld mellom anna følgjande punkt:

- Miljøkrav: Frå og med 2025 skal det berre kjøpast inn nullutsleppskøyretøy, og innan 2030 skal fossile køyretøy fasast ut.
- Kostnadseffektiv drift: Kommunen skal i hovudsak kjøpe eigne bilar framfor leasing, noko som gir lågare livsløpskostnader, betre fleksibilitet og lokal verdiskaping.
- Klare roller og ansvar: Det er definert ansvar mellom kommunestyret, administrasjonen, avdelingsleiarar og tilsette.
- Miljøvenleg mobilitet: Kommunen innfører eit mobilitetshierarki som prioriterer gåing, sykling og bildeling framfor bruk av privatbil.
- Digital dokumentasjon: Elektronisk køyrebok og GPS skal nyttast, i tråd med personvernregelverket.

- Tryggleik og HMS: Det er sett krav til førarkort, vedlikehald, tryggleiksutstyr og rutinar ved uhell.
- Bruk av privatbil i teneste: Berre tillate etter godkjenning, og godtgjering skjer etter statlege satsar.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.

Kommunen har i dag ulike praksisar for bruk av tenestebil mellom avdelingane, samt ved bruk av privatbil, noko som kan skape uklarheit og ujamn praksis mellom avdelingane. Eit samla reglement vil:

- Fremje lik, effektiv og trygg bilbruk i alle avdelingar.
- Bidra til å nå klima- og miljømålsetjingane til kommunen.
- Sikre økonomisk forsvarleg drift av bilparken.
- Gjere det enklare for leiarar å følgje opp regelverk og rutinar.
- Plassere ansvar for vedlikehald for bilparken på ein god og ryddig måte.

Valet om å kjøpe bilar framfor å lease er grunna i ei vurdering av totaløkonomien, fleksibiliteten og driftskontrollen kommunen oppnår ved eigarskap. Reglementet legg også til rette for framtidig rapportering og evaluering av klimabelastning og køyredata.

Konklusjon:

Bilreglementet for Fyresdal kommune er eit viktig steg i retning av meir strukturert, berekraftig og økonomisk ansvarleg bruk av kommunale køyretøy. Reglementet samlar og klargjer reglar for bruk av tenestebil og privatbil i arbeid, styrkjer tryggleiken og legg til rette for miljøvenlege val i transportkvardagen. Ved å satse på eigarskap, nullutslepp og effektiv drift, tek Fyresdal kommune ansvar både for økonomi, klima og kvalitet i tenestene.

Eit tydeleg og oppdatert bilreglement vil også styrkje kommunen som arbeidsgivar og gjere kvardagen enklare for leiarar og tilsette.

Då ansvaret for vedlikehald og drift nå leggst til teknisk for heile bilparken, må ressursar knytt til bilhald i avdelinganes overførast til avdeling for teknisk.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret vedtek «Bilreglement for Fyresdal kommune», reglementet trer i kraft frå 1. januar 2026.

Reglementet skal evaluerast/rullerast kvart tredje år, eller ved særskilt behov.

Kommunedirektøren får mynde til å gjere nødvendige administrative tilpassingar knytt til gjennomføring av reglementet, samt å fordele ressursar til bilhald frå avdelingane til teknisk.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk